

NATUR OG KULTUR

## Smørklepp kunstmuseum



Foto: Hamish Moore

**SMØRKLLEPP KUNSTMUSEUM** husar ei stor samling av måleria til Henrik Sørensen. Midt i "målarlandskapet" til Sørensen finn du bygda Smørklepp og det særprega galleriet. Framfor alt er han kjend for dei stemningsfulle naturskildringane frå Telemark, men han måla òg varme lyriske kvinneskildringar, religiøse bilete og dystre krigsmåleri. Han var elev av Matisse i perioden 1908 til 1910. Kunstnaren Harald Kihle har og fått sin plass i galleriet. Sørensen og Kihle arbeidde og budde mykje i lag i Smørklepp. Harald Kihle har i sine skildringar av folkeliv og natur vist oss "Det løynde Telemark", og han har lært mange å setje pris på kunsten. Han er mest kjend for å bruke hesten i bileta sine. I tillegg har han skildra mange kjende telemarkingar frå segn og soger, så som Guro Heddelid, Myllarguten og Storegut.

### KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

**SMØRKLLEPPGRENDA** er omtala som "målarbygda". På måleriet ser du den kjende norske kunstnaren Henrik Sørensen medan han målar landskapet. Harald Kihle har måla bilete.



Foto: Trykjet med løyve frå Vest Telemark museum

NATUR OG KULTUR

## Mjonøy



Foto: Hans Dieter Flegler

**MJONØY** er utgangspunktet for turen. Namnet tyder anten "den tørre øya" eller "den smale øya". Husa er gamle og samla frå området rundt og sette opp på Mjonøy. Alv Negarden begynte på dette arbeidet i 1959. Det er seinare bygd bustadhus, eit vedfyrt steinomnsbakeri, eldhus med resepsjon og sal av mat, ei vadmålsstampe og til slutt Alvstoga m.a. til bruk for grupper. Konsertar kvar helg i sommersesongen. Mjonøy er òg av tretten bedrifter som Innovasjon Noreg har handplukka til prosjektet

*Ferie med vandring.*



## Vandrerregionen

www.vandretelemark.no

Ansvarleg utgivar er VTNU AS og Vinje kommune med støtte frå



Layout: Nina Akerstveit / Trykk: Erik Tanché Nilsen AS

### SPOR ETTER BEVER

Foto: Hamish Moore



### VATN OG FOSSEFALL

langs Klevastøylåi blei nytta til Vinjes første kraftstasjon i 1917.

Foto: Hamish Moore

4 KM RUNDTUR / 1,5 TIMAR

LETT TUR ➔



## Vinje – Telemark

TURMÅL Smørklepp kunstmuseum

TEMA Kulturområde/galleri



foto Svein Straumsnes

**MINNEBLOM**, òg kalla "forgløymsmegei" og "mariauge", finst som elleve ulike artar i Noreg. Dette er åkerforgløymsmegei.

Foto: Hamish Moore





# Om turen

## LETT TUR I EIN DEL AV VINJE KULTUROMRÅDE.

Turen startar på Mjonøy og går i skogsterreng langs elva. Vakre fossefall, canyonliknande landskap og ein vakker badeplass i Klevastøyhylen. Her er det ei jettegytte i fjellet, og fundamentet til Vinjes første kraftstasjon frå 1917. Smørklepp kunstmuseum ligg langs turstien. Turen går gjennom kulturlandskapet i Smørkleppgrenda, som er prega av lokal bygningskultur og har mange spor etter gamle dyrkingsmåtar, og tilbake til Mjonøy.

## Køreforklaring

Start i Åmot og køyr E 134 mot Haukeli, ca. 15 km. Mjonøy på venstre sida, parkeringsplass.



Frå Edland kan du køyre E 134 sørover mot Åmot, ca. 22 km.

(GPS: N59°38.059' E7° 48.063')



Foto: Hans Dieter Fleger

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs. Ta omsyn til naturen og beitande dyr. Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Kart:  
Vinje 1 : 30 000

Kart: AT plan. Kjelde:  
Statens kartverk,  
Geovekst og kommuner



Tilgang:  
mai til november  
480 moh



Målestokk 1 : 50 000

Ekvidistanse 20m

= Smørklepp kunstmuseum

= merkt sommærløype



Foto: Hamish Moore